

Etne, 14.02.2018

## **Ny organisering av oppgåvene i Etne Elektrisitetslag SA**

Kjære kunde og medlem

2017 har vore eit år der styret saman med administrasjonen og tilsette har halde fram arbeidet med å sjå på framtidig struktur for tilpassing til ny energilov. Me har arbeidd med dette i fleire år, samt hatt dette oppe på årsmøtet i 2017.

Styret sette ned ei arbeidsgruppe som har jobba med ulike modeller. Arbeidsgruppa har bl.a. jobba med fleire modellar saman med nærliggande selskap frå 2015 fram til september 2017. Då måtte me konkludera med at modellane ikkje var levedyktige, sidan me ikkje fann eit godt nok grunnlag for eit slikt selskap. Styret valde då å jobba vidare med alternativet om å integrera Etne Elektrisitetslag SA (EEL) i eit av dei store selskapa rundt oss, anten Haugaland Kraft eller BKK. Styret sitt mål er å leggja fram ei sak til årsmøtet 2018 om å overføra nett, kraft og fiber inn i eitt av dei to selskapa, i byte mot eigardel i selskapet.

Styret har evaluert nøye tilboda frå BKK og HK opp mot dei 5 verdiane me legg til grunn for dei endringane me foreslår. EEL har vedteke fylgjande verdiformuleringar som vesentlege:

- **Forsyningsikkerhet og beredskap lokalt i EEL sitt forsyningsområde**
- **Ivareta og vidareutvikle opparbeidde verdiar**
- **Ivareta og vidareutvikle lokale arbeidsplassar**
- **Nett-tariff til kundane våre**
- **Bidra til positiv utvikling av Etne-samfunnet**

Vurdert opp mot dette valde styret i EEL å gå vidare med BKK som partner med sikte på å forhandla fram ein avtale om integrering av verksemd og byte av egedelar i BKK aksjar. Når me får stadfesta integreringa i eit årsmøte i 2018, med ein etterfylgjande integreringsprosess, vil dette bety mykje for deg som kunde i kraftlaget.

**Kraftleverandør:**  
Etne Elektrisitetslag  
NO 971 028 513 MVA  
Telefon 53 77 11 55  
firmapost@etneelag.no

**Netteigar:**  
Etne Elektrisitetslag  
NO 971 028 513 MVA  
Telefon 53 77 11 51  
post@etneelagnett.no



**ETNE  
EL. LAG**

- **Som kunde vil du merka at rekningane du betaler for straumnett vil verta sterkt redusert. Dette fordi nettleiga frå BKK er betydeleg lågare enn den du har betalt til EEL.**
- **Du vil oppleva at eksisterande arbeidsplasser held fram og vert utvikla, i regi av BKK.**

### **SELSKAPSENDRING**

Som ledd i integreringa kan det bli endring i selskapsforma. Dette vil me komma tilbake til.

Føremålet for selskapet vert som før å bidra til utvikling av Etne samfunnet. Nærare informasjon om omdanninga vil skje på eit informasjonsmøte i god tid før årsmøtet.

Som Styreleiar vil eg oppmoda deg om å visa interesse for det vegvalet styret vil leggja fram for årsmøtet i 2018. Dette vegvalet meiner styret vil påverka deg positivt, både på kort og lengre sikt.

Med vennleg helsing

Wenche Irene Strand Drange  
Styreleiar - Etne Elektrisitetslag SA

**Kraftleverandør:**  
Etne Elektrisitetslag  
NO 971 028 513 MVA  
Telefon 53 77 11 55  
firmapost@etneelag.no

**Netteigar:**  
Etne Elektrisitetslag  
NO 971 028 513 MVA  
Telefon 53 77 11 51  
post@etneelagnett.no



**ETNE  
EL. LAG**